



Tor Skeie Olsen held heldigvis fram som dirigent. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tirsdag er det klart for sesongstart i skulemusikken, og etter den fine sesongen i fjor har styret godt håp om at alle medlemmene held fram også denne sesongen.

Godt er det og at Tor Skeie Olsen held fram som dirigent, og øvingstida er som før; - tirsdagar frå klokka.18 til 20.

Monica T. Storevik i styret er veldig godt fornøgd med stemninga i korpset no, og ho håpar og at nokre som har hatt pause i spelinga, vil kome tilbake og bidra i korpset.

Det er berre å stille opp i aktivitetshuset litt før kl. 6 tirsdag kveld så vil det bli ordna med instrument. Di fleire det vert i korpset, di kjekkare!!

Styret og dirigenten er i gang med planlegginga av sesongen, og Monica kan fortelje at helga 23.-25.september vert det tur til Karmøy og deltaking på Karmøy Brassfestival. Korpset har vore med der ein del ganger tidlegare, og det har vore veldig vellukka og populært.

Men aller først er det øving. Styret håpar på ein flott oppstart på ein god sesong når muskarane kjem tirsdag kveld

Av Thor Inge Døssland